



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 39

(2003–2004)

## Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreining av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 13. februar 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Bakgrunn

EU-programmet for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreining av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (heretter kalla MODINIS) vart formelt vedteke i EU 17. november 2003 ved rådsvedtak 2256/2003/EF. Programmet skal vare i tidsrommet 2003–2005.

Norsk deltaking i programmet gjer det naudsynt med budsjettvedtak over tre år, og i samsvar med § 26 andre leddet i Grunnlova er det difor naudsynt med Stortinget sitt samtykke til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen. Med sikte på at Noreg skal kunne ta del i programmet så tidleg som råd, er det lagt opp til at stortingsproposisjonen vert fremja før avgjerda vert teken i EØS-komiteen.

Utkastet til avgjerd i EØS-komiteen og uoffisiell norsk omsetjing av rådsvedtak 2256/2003/EF om innlemming i EØS-avtala av MODINIS følger som trykte vedlegg til proposisjonen.

### 2 Nærmare om MODINIS

MODINIS er eit sentralt verkemiddel i verkelegginga av Lisboa-strategien. Lisboa-strategien er basert på vedtaket i Det europeiske rådet i Lisboa i

mars 2000 om å gjere EU til den mest konkurranseedyktige, dynamiske- og kunnskapsbaserte økonomien i verda på eit berekraftig og sosialt grunnlag innan 2010. Ei viktig søyle i Lisboa-strategien er EU sin handlingsplan for informasjonssamfunnet, e-Europa 2005. e-Europa 2005 er eit politisk program og eit overordna rammeverk for EU-programma e-Ten, e-Content, handlingsplanen for sikrere bruk av Internett og for ei rekkje aktivitetar innanfor elektronisk forvaltning (e-Government).

Føremålet med MODINIS er på den eine sida å leggje til rette for initiativ til oppfølging og verkeleggjing av måla i e-Europa 2005, og på den andre sida å overvake utviklinga av informasjonssamfunnet innanfor ramma av ulike e-Europa-initiativ. Konkret vil dette innebere å levere statistikkar i regi av dei nasjonale statistikkbyråa. I tillegg vil programmet setje søkelyset særleg på informasjonstryggleik, utvikling av breiband og utveksling av god praksis.

Frå 1999 tok Noreg del gjennom EØS-avtala i programmet PROMISE (1998–2002), som var forgjengaren til MODINIS og knytt til EU sin handlingsplan for informasjonssamfunnet, e-Europa 2005. PROMISE vert vidareført for åra 2003–2005 gjennom det nye programmet MODINIS. I samband med MODINIS er det skipa to styringsgrupper for e-Europa 2005, og Noreg har fått plass i

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreing av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)

begge gruppene. Styringsgruppa vil fungere som koordinator og pådrivar for arbeidet innanfor programma for elektronisk helse og elektronisk forvaltning, e-Ten og andre IT-relaterte program. På bakgrunn av dette ønskjer Regjeringa òg å opne for at Noreg under MODINIS-paraplyen tek initiativ til deltaking i program og initiativ som er naturleg knytte opp mot e-Europa 2005, innanfor dei budsjetttrammene som er vedtekne.

Gjennom planane for e-Noreg har Noreg aktivt følgt opp initiativet til EU på IT-området. Fordi Noreg ønskjer ein aktiv IT-politikk, er det òg viktig å følgje opp dei programma og initiativa som kjem inn under MODINIS og e-Europa. Difor er det i budsjettproposisjonen for 2004 teke initiativ til å opne for norsk deltaking i e-Ten, eit program der ein i aukande grad arbeider for verkeleggjering av e-Europa med omsyn til etablering av infrastruktur og nye tenester. Som følgje av den aktive deltakinga til Noreg knytt til ulike aktivitetar innanfor e-Europa, har Noreg dessutan ein nasjonal ekspert sentralt plassert i eininga e-Government i Europa-kommisjonen.

### 3 Konstitusjonelle tilhøve

Ettersom den norske deltakinga i programmet inneber økonomiske utgifter av ein viss storleik som skal finansierast over fleire år, må Stortinget gje samtykke til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova.

For å hindre at Noreg seinkar iverksetjinga av avgjerda, og for å gjere det mogleg for EØS/EFTA-statane å ta del i programmet så tidleg som råd, gjer Regjeringa framlegg om at Stortinget gjev sitt samtykke før avgjerda vert teken i EØS-komiteen. Det vil dermed ikkje vere naudsynt for Noreg å ta atterhald for konstitusjonelle prosedyrar ved deltakinga. Det er ikkje venta at det vil kome endringar i utkastet til avgjerda i EØS-komiteen. Der som den endelege avgjerda syner stort avvik frå det utkastet som er lagt fram i denne proposisjonen, vil saka verte lagd fram for Stortinget på nytt.

### 4 Avgjerda i EØS-komiteen

Med sikte på deltaking frå EØS/EFTA-statane i EU-programmet MODINIS vil avgjerda i EØS-komiteen innehalde ei innleiing og tre artiklar. I innleiinga vert det vist til artikkel 86 og 98 i EØS-avtala, som gjer det mogleg for EØS-komiteen å endre vedlegga til avtala gjennom avgjerd i EØS-komiteen.

*Artikkel 1* slår fast at rådsvedtak 2256/2003/EF om vedtaking av eit fleirårig program (2003–2005) for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreing av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS) skal innlemmast som eit nytt strekpunkt i protokoll 31 artikkel 2 nr. 5.

*Artikkel 2* slår fast at avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke den siste meldinga etter artikkel 103 nr. 1 i avtala. Ho skal nyttast frå 1. januar 2003.

*Artikkel 3* slår fast at avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

## 5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Det fleirårige EU-programmet MODINIS vil ha ei ramme på til saman 21 millionar euro i tidsrommet 2003–2005. Ved deltaking i programmet vil Noreg ha budsjettmessige plikter under heile programperioden (2003–2005). Noregs samla del av programutgiftene vil utgjere om lag 370 000 euro over tre år, det vil seie om lag 3,6 millionar norske kroner. Utover dette kjem følgjande:

- utgifter til nasjonal ekspert – oppfølging frå PROMISE-programmet,
- utgifter til nasjonal ekspert – e-Government-eininga,
- norsk sekretariatsarbeid for ekspertstillingane,
- utgifter til andre aktivitetar som er knytte til e-Europa-verksemda.

På EU-plan vil Noreg dermed sende til saman to nasjonale ekspertar til EU-kommisjonens Generaldirektorat for informasjonssamfunnet. Nærings- og handelsdepartementet vil ha utgifter tilsvarende om lag 800 000 kroner per år for kvar av ekspertstillingane. Nasjonalt vil det norske sekretariatsarbeidet for dei to ekspertstillingane koste om lag 800 000 kroner per år. Utgifter i samband med den nasjonale administrasjonen av programma vert kalkulert til om lag 800 000 kroner per år.

Dei gjennomsnittlege kostnadene for programmet i perioden 2003–2005 vil difor i utgangspunktet vere 4,4 millionar kroner per år. Det knyter seg noko uvisse til dei samla utgiftene for 2003 fordi dei formelle vedtaka om programmet vart seinka, men i budsjettet for 2003 (overførbare midlar) er det dekning for dei utgiftene som gjeld for 2003. For 2004 vert utgiftene dekte over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet, kap. 924, post 70 MODINIS. I samband med det reviderte nasjo-

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreining av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)

nalbudsjettet for 2004 og budsjettet for 2005 vil ein kome tilbake til eventuelle krav om auka rammer.

king av handlingsplanen e-Europa 2005, spreining av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS). Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

## 6 Konklusjon og tilråding

---

Det fleirårige EU-programmet MODINIS vil danne grunnlaget for svært mykje av Europakommisjonens verksemd innanfor e-Europa og andre informasjonssamfunnsspørsmål dei neste åra. Noreg tek del i målsetjingane til EU for IT-politisk verksemd og difor meiner Nærings- og handelsdepartementet at Noreg vil ha stor nytte av å ta del i utveksling av røynsler, referansemåling og ei rekke andre konkrete tiltak som skal setjast i verk under e-Europa-initiativet.

Nærings- og handelsdepartementet rår difor til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overva-

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreining av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreining av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS), i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreiring av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)

## Forslag

# til vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreiring av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)

### I

Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlings-

planen e-Europa 2005, spreiring av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS).

---

**Vedlegg 1****Avgjerd i EØS-komiteen nr. [...] av [...] om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

1. Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. .../... av ...<sup>1</sup>.
2. Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsvedtak nr. .../2003/EF av ... om eit fleirårig program (2003–2005) for overvaking av handlingsplanen for e-Europa, spreining av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)<sup>2</sup>.
3. Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå **DD MM ÅÅÅÅ** –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I protokoll 31 artikkel 2 nr. 5 i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

«– **3200Y D XXXX**: Europaparlaments- og rådsvedtak nr. 200Y/XXXX/EF av **DD MM ÅÅÅÅ** (TEU LNNN av **DD.MM.ÅÅÅÅ**, s. S).»

*Artikkel 2*

Denne avgjerda tek til å gjelde [...], på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>3</sup>.

Avgjerda skal nyttast frå **DD MM ÅÅÅÅ**.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, [...].

*For EØS-komiteen*

*Formann*

[...]

*Sekretærer for EØS-komiteen*  
[...]

<sup>1</sup> TEU L ...

<sup>2</sup> TEU LNNN av **DD.MM.200Å**, s. S.

<sup>3</sup> [Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.] [Forfatningsrettslege krav oppgjevne.]

**Vedlegg 2**

## **Europaparlaments- og rådsvedtak nr. 2256/2003/EF av 17. november 2003 om vedtaking av eit fleirårig program (2003–2005) for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreing av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 157 nr. 3, med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>1</sup>, med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet<sup>2</sup>, med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet<sup>3</sup>, etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten<sup>4</sup>, og ut frå desse synsmåtane:

1. Under møtet til Det europeiske rådet i Lisboa 23.-24. mars 2000 vart det sett som mål å gjere Den europeiske unionen til den mest konkurransedyktige og dynamiske kunnskapsøkonomien i verda, og streka under at det krevst ein open framgangsmåte for å samordne målinga av den framgangen som vert gjord.
2. Under møtet i Feira 19.-20. juni 2000 vedtok Det europeiske rådet handlingsplanen e-Europa 2002, og streka særleg under at det er naudsynt å utarbeide langsiktige planar for kunnskapsøkonomien gjennom å fremje tilgang for alle borgarar til ny teknologi, og 30. november 2000 fastsette Rådet for den indre marknaden ei liste med 23 indikatorar for å måle framgangen til handlingsplanen e-Europa 2002.
3. Kommisjonen offentleggjorde 28. mai 2002 ei melding til Europaparlamentet, Rådet, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Region-

utvalet med tittelen «e-Europa 2005: eit informasjonssamfunn for alle», og dei allmenne måla for handlingsplanen vart godkjende av Det europeiske rådet i Sevilla 21.-22. juni 2002.

4. Kommisjonen offentleggjorde 22. januar 2001 ei melding retta til Europaparlamentet, Rådet, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet med tittelen «Eit tryggare informasjonssamfunn – betring av tryggleiken til informasjonsinfrastrukturane og kamp mot data-kriminalitet».
5. Konklusjonane til Det europeiske rådet i Stockholm 23.-24. mars 2001 inneheld ei oppmoding om at Rådet, saman med Kommisjonen, utviklar ein overordna strategi med omsyn til tryggleiken til elektroniske nett, saman med praktiske gjennomføringstiltak. Meldinga «Nett- og informasjonstryggleik: framlegg til ein europeisk strategi» av 6. juni 2001 var det første svaret til Kommisjonen på denne oppmodinga.
6. I rådsresolusjon av 30. mai 2001 om handlingsplanen e-Europa: informasjons- og nettryggleik, rådsresolusjon av 28. januar 2002 om ein felles strategi og særlege tiltak på området nett- og informasjonstryggleik<sup>5</sup>, rådsresolusjon av 18. februar 2003 om ein europeisk strategi for ein nett- og informasjonstryggleikskultur<sup>6</sup> og europaparlamentsresolusjon av 22. oktober 2002 om nett- og informasjonstryggleik: framlegg til ein europeisk strategi vert medlemsstatane oppmoda om å innføre særlege tiltak for å auke tryggleiken til elektroniske kommunikasjonsnett og informasjonssystem. Vidare helsa Europaparlamentet og Rådet velkommen planane til Kommisjonen om å utvikle m.a. ein strategi for meir stabil og sikker drift av Internett-infrastrukturen, og om å gjere framlegg til skiping av ein framtidig struktur på europeisk plan for nett- og informasjonstryggleiksspørsmål.

<sup>1</sup> TEF C 291 E av 26.11.2002, s. 243.

<sup>2</sup> TEU C 61 av 14.3.2003, s. 184.

<sup>3</sup> TEU C 128 av 29.5.2003, s. 19.

<sup>4</sup> Europaparlamentsfråsegn av 12. februar 2003 (enno ikkje offentleggjord i TEU), felles haldning frå Rådet av 26. mai 2003 (TEU C 159 E av 8.7.2003, s. 11) og haldning frå Europaparlamentet av 25. september 2003 (enno ikkje offentleggjord i TEU). Rådsavgjerd av 27. oktober 2003.

<sup>5</sup> TEF C 43 av 16.2.2002, s. 2.

<sup>6</sup> TEU C 48 av 28.2.2003, s. 1.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreining av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)

7. Handlingsplanen e-Europa 2005, som i denne samanhengen vart stadfesta ved rådsresolusjon av 18. februar 2003, inneheld m.a. framlegg om skiping av ein framtidig struktur på europeisk plan for for nett- og informasjonstryggleiksspørsmål.
8. Overgangen til informasjonssamfunnet kan gjennom innføringa av nye former for økonomiske, politiske og sosiale relasjonar hjelpe Den europeiske unionen til å meistre utfordringane i dette hundreåret, og kan medverke til vekst, konkurransevne og skiping av nye arbeidsplassar. Informasjonssamfunnet endrar gradvis karakteren til den økonomiske og sosiale verksemda, og har vesentlege verknader på tvers av sektorane på område som til no har vore uavhengige av kvarandre. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre informasjonssamfunnet, bør ta omsyn til den økonomiske og sosiale utjamninga i Fellesskapet og risikoane ved å falle utanfor informasjonssamfunnet, i tillegg til å sikre at den indre marknaden verkar på ein effektiv måte. Tiltaka til Den europeiske unionen og medlemsstatane i samband med informasjonssamfunnet tek sikte på i enda større grad å fremje deltakinga av vanskelegstilte grupper i informasjonssamfunnet.
9. Det bør innførast ordningar for overvaking og for utveksling av røynsler som vil gjere det mogleg for medlemsstatane å jamføre og analysere resultatata og vurdere framgangen i samband med handlingsplanen e-Europa 2005.
10. Referansemåling gjer det mogleg for medlemsstatane å vurdere om dei nasjonale initiativa innanfor ramma av handlingsplanen e-Europa 2005 gjev resultat som kan jamførast med resultatata i dei andre medlemsstatane og på internasjonalt plan, og om dei utnyttar potensialet til teknologien fullt ut.
11. Innsatsen til medlemsstatane innanfor ramma av handlingsplanen e-Europa 2005 kan støttast endå meir ved spreining av god praksis. Den europeiske tilleggsverdien på området referansemåling og god praksis ligg i at det vert gjort ei jamførande vurdering av resultatata av dei ulike tiltaka på grunnlag av ein felles overvakings- og analysemetode.
12. Dei økonomiske og sosiale konsekvensane av informasjonssamfunnet bør analyserast med sikte på å lette dei politiske drøftingane. Dette vil gjere det mogleg for medlemsstatane å gjere betre nytte av det økonomiske og industrielle potensialet innanfor den teknologiske utviklinga, særleg på informasjonssamfunnsområdet.
13. Nett- og informasjonstryggleik er vorte ein føresetnad for å fremje utviklinga av eit trygt forretningsmiljø. Spørsmålet om nett- og informasjonstryggleik er så samansett at lokale, nasjonale og eventuelt europeiske styresmakter må ta omsyn til ei rekkje politiske, økonomiske, organisatoriske og tekniske sider når dei utarbeider politiske tiltak på dette området, og samstundes vere merksame på den desentraliserte og globale karakteren til kommunikasjonsnetta. Den planlagde fastsetjinga av ein framtidig struktur på europeisk plan for nett- og informasjonstryggleik vil auke evna til medlemsstatane og Fellesskapet til å løyse større problem med omsyn til nett- og informasjonstryggleiken. Det førebuande arbeidet bør starte allereie i 2003.
14. Ettersom dei verksemdene som er nemnde ovanfor, er i samsvar med målet om å fremje samverknad og samarbeid mellom medlemsstatane, statane i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, søkjar- og kandidatstatane og dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa, bør Kommisjonen i framtida oppmuntre til at desse statane tek større del i verksemda innanfor programmet.
15. I dette vedtaket er det for heile det tidsrommet som programmet varer, fastsett ei finansiell ramme som utgjer det viktigaste referansegrunnlaget for budsjettstyresmakta ved den årlege budsjetthandsaminga, slik det er definert i nr. 33 i den tverrinstitusjonelle avtala av 6. mai 1999 mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om budsjett disiplin og betre budsjetthandsaming.
16. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre dette vedtaket, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen<sup>7</sup>.
17. Gjennomføringa av dette programmet bør overvakast jamleg —

GJORT DETTE VEDTAKET:

#### Artikkel 1

Eit fleirårig program (2003–2005) for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreining av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (heretter kalla «programmet») vert vedteke.

<sup>7</sup> TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreiring av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)

Programmet har følgjande mål:

- a. å overvake dei resultatane som vert oppnådde av og i medlemsstatane og jamføre dei med dei beste i verda ved å nytte offisielle statistikkar der dette er mogleg,
- b. å støtte innsatsen til medlemsstatane innanfor ramma av e-Europa på nasjonalt, regionalt eller lokalt plan gjennom analyse av god praksis i samband med e-Europa og ved ei felles ramme for utvikling av ordningar for utveksling av røynsler,
- c. å analysere dei økonomiske og samfunnsmessige følgjene av informasjonssamfunnet med sikte på å lette dei politiske drøftingane, særleg med omsyn til konkurransevna til føretak, utjamning og sosial integrasjon, og gje styringsgruppa for e-Europa dei opplysningane som er naudsynte for at ho skal kunne vurdere den høvelege strategiske retninga for handlingsplanen e-Europa 2005,
- d. å førebu fastlegginga av den framtidige strukturen på europeisk plan for nett- og informasjonstryggleiksspørsmål, slik det er fastsett i rådsresolusjonen av 28. januar 2002 og i handlingsplanen e-Europa 2005, med sikte på å betre nett- og informasjonstryggleiken.

Tiltaka i programmet skal gå på tvers av sektorane og utfylle fellesskaptiltak på andre område. Tiltaka må ikkje overlape det arbeidet som vert gjort på desse områda under andre fellesskapsprogram. Dei tiltaka som er gjorde innanfor dette programmet med omsyn til referansemåling, god praksis og samordning av politikk, skal medverke til at måla med handlingsplanen e-Europa 2005 vert nådde, og til å fremje nett- og informasjonstryggleik og breiband, og dessutan til å fremje elektronisk forvaltning, elektronisk handel, e-helse og e-læring.

Programmet skal òg utgjere ei felles ramme for samspel på europeisk plan mellom dei ulike aktørane på nasjonalt, regionalt og lokalt plan.

## Artikkel 2

For å nå dei måla som er nemnde i artikkel 1, skal følgjande tiltakskategoriar setjast i verk:

- a. Tiltak 1
  - Overvaking og jamføring av resultat:
    - datainnsamling og analyse på grunnlag av referansemålingsindikatorar slik dei er definerte i rådsresolusjon av 18. februar 2003

om gjennomføring av handlingsplanen e-Europa 2005<sup>8</sup>, medrekna regionale indikatorar der det høver. Det bør leggast særleg vekt på data som gjeld hovudmåla for handlingsplanen e-Europa 2005.

- b. Tiltak 2
  - Spreiring av god praksis:
    - granskningar med sikte på å kartleggje god praksis på nasjonalt, regionalt og lokalt plan, som medverkar til ei vellukka gjennomføring av handlingsplanen e-Europa 2005,
    - fremje målretta konferansar, seminar eller arbeidsgrupper som støttar måla for handlingsplanen e-Europa 2005, med sikte på å fremje samarbeid og utveksling av røynsler og god praksis innanfor den felles ramma for samspel som er definert i artikkel 1 bokstav b).
- c. Tiltak 3
  - Analyse og strategisk drøfting:
    - støtte det arbeidet som sakkunnige på sosial- og økonomiområda gjer, med sikte på å gje Kommisjonen, og på oppmoding, styringsgruppa for e-Europa, framlegg med omsyn til framtidretta politisk analyse,
    - støtte styringsgruppa for e-Europa når det gjeld å gje eit strategisk overblikk over gjennomføringa av handlingsplanen e-Europa 2005, å utgjere eit forum for utveksling av røynsler og å gjere det mogleg for kandidatstatane snøgt å ta del, og eventuelt oppmode andre aktørar til å kome med sine synspunkt.
- d. Tiltak 4
  - Betring av nett- og informasjonstryggleiken:
    - førebu skipinga av ein framtidig struktur på europeisk plan for nett- og informasjonstryggleiksspørsmål, slik det er fastsett i rådsresolusjonane av 28. januar 2002 og 18. februar 2003 om ein felles strategi og særlege tiltak på området nett- og informasjonstryggleik og i handlingsplanen e-Europa 2005, gjennom m.a. å finansiere rundspørjingar, granskningar og arbeidsgrupper om emne som t.d. tryggleiksordningar og samverknadsevna mellom dei, nettpålitgrad, avansert kryptografi, personvern og tryggleik ved snorlaus kommunikasjon.

## Artikkel 3

For å nå dei måla som er fastsette i artikkel 1 og gjennomføre dei tiltaka som er fastsette i artik-

<sup>8</sup> TEU C 48 av 28.2.2003, s. 2.



Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreining av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)

kel 2, kan Kommisjonen nytte dei midla som er høvelege og relevante, særleg:

- tildeling av kontraktar for utføring av oppgåver i samband med rundspørjingar, førebuande granskingar, detaljerte granskingar på særskilde område og demonstrasjonstiltak av avgrensa omfang, medrekna arbeidsgrupper og konferansar,
- innsamling, offentleggjering og spreining av informasjon og utvikling av nettbaserte tenester,
- tildeling av støtte til møte mellom sakkunnige og til konferansar og seminar.

#### Artikkel 4

Programmet skal gjelde frå 1. januar 2003 til 31. desember 2005.

Den finansielle ramma for gjennomføringa av dette programmet er 21 millionar euro.

I vedlegget er det ført opp ei rettleiande utgiftsfordeling.

Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle overslaga.

#### Artikkel 5

Kommisjonen er ansvarleg for å gjennomføre programmet og samordne det med andre fellesskapsprogram. Kommisjonen skal kvart år utarbeide eit arbeidsprogram på grunnlag av dette vedtaket.

Kommisjonen skal handle i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 6 nr. 2, med omsyn til:

- a. vedtaking av arbeidsprogrammet, medrekna den overordna budsjettfordelinga,
- b. vedtaking av tiltak for å vurdere programmet,
- c. fastsetjing av kriteria for innbydingar til framlegg, i samsvar med dei måla som er fastsette i artikkel 1, og vurdering av dei prosjekta som er lagde fram i samband med slike innbydingar når det påreknna fellesskapstilskotet er på 250 000 euro eller meir.

#### Artikkel 6

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval (heretter kalla «Utvalet»).
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.

Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.

3. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

#### Artikkel 7

1. For å sikre at fellesskapsstøtta vert nytta på ein effektiv måte, skal Kommisjonen syte for at det vert utført effektiv førehandsvurdering, overvaking og etterfølgjande vurdering av dei tiltaka som vert gjennomførde i samsvar med dette vedtaket.
2. Under og etter gjennomføringa av tiltaka skal Kommisjonen vurdere korleis dei er vortne gjennomførde og kva verknad gjennomføringa har hatt, slik at han kan avgjere om dei opphavlege måla er vortne nådde.
3. Kommisjonen skal jamleg gje utvalet og styringsgruppa for e-Europa melding om framdrifta i gjennomføringa av heile programmet.
4. Når programmet er avslutta, skal Kommisjonen leggje fram for Europaparlamentet, Rådet, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet ein vurderingsrapport om dei resultata som er oppnådde etter gjennomføringa av dei tiltaka som er nemnde i artikkel 2.

#### Artikkel 8

1. Innanfor ramma av dei avtalene som dei har med Det europeiske fellesskapet, kan programmet opnast for deltaking for statane i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, søkjar- og kandidatstatane og dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa.
2. I samband med gjennomføringa av dette vedtaket skal det oppmuntrast til samarbeid med tredjestatar og eventuelt med internasjonale organisasjonar eller organ.

#### Artikkel 9

Dette vedtaket skal nyttast frå dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

#### Artikkel 10

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane. Utfërda i Brussel, 17. november 2003.

For Europaparlamentet  
P. COX  
President

For Rådet  
G. ALEMANNINO  
Formann

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit program for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreing av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)

*Vedlegg*

**Fleirårig program for overvaking av e-Europa, spreing av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS) Rettleiande utgiftsfordeling 2003–2005**

	Prosentdelar av det samla budsjettet per kategori og år			
	2003	2004	2005	2003–2005 i alt
Tiltak 1 – Overvaking og jamføring av resultat	12 %	14 %	14 %	40 %
Tiltak 2 – Spreing av god praksis	8 %	10 %	12 %	30 %
Tiltak 3 – Analyse og strategisk drøfting	2 %	3 %	3 %	8 %
Tiltak 4 – Betring av nett- og informasjonstryggleiken	17 %	5 %	0 %	22 %
Prosentdelar av det samla budsjettet	39 %	32 %	29 %	100 %



